
From: Syse, Christian Ulrik on behalf of Utenriksrådens kontor
Sent: 3. februar 2014 15:45
To: Hovland, Bergljot; Utenriksrådens kontor
Cc: NORAD-Post-EVAL; Søegaard, Vibeke Grundtvig
Subject: RE: Oppfølging av evaluering: borns rettar

Takk for velskrevet oppsummering. Legges vg i P360 også. Christian Syse

From: Hovland, Bergljot
Sent: 3. februar 2014 15:24
To: Utenriksrådens kontor
Cc: NORAD-Post-EVAL; Søegaard, Vibeke Grundtvig
Subject: Oppfølging av evaluering: borns rettar

Ein viser til vedlagt oppfølgingsplan av «Evaluering av norsk og svensk støtte til fremme av barns rettigheter» (oversendt UD nov. 2011) .Oppfølgingsplanen vart godkjent i januar 2013.

Ein viser til kommentar i oppfølgingsplanen om at evalueringa, og tilråding om oppfølging av denne, bør sjåast i lys av at ein stor del av Noregs bistand tilknytt borns rettar vert kanalisiert multilateralt, medan evalueringa i hovudsak var konsentrert om den bilaterale bistanden. Det normative arbeidet Noreg gjer, inkludert støtte til organisasjonar som arbeider med dette, var også i liten grad belyst.

Anbefalingar om mainstreaming av norsk bistand til fremjing av borns rettar vart tilrådt ikkje følgt opp, då dette krevjar store ressursar, står i motsetjingsforhold til prinsippet med ubunden bistand, og erfaringar frå mainstreaming er blanda.

Anbefalingar om å finna gode mekanismar for korleis støtta til fremjing av borns rettar kan knytast betre opp mot Barnekonvensjonen og etablerte prosessar for MR-konvensjonane, blir følgt opp primært i samarbeidet med fagseksjonar og ambassadar [tilknytt UPR-gjennomgangar](#). Ein arbeider også med å betra ambassadanesh kompetanse med omsyn til bruk av det normative arbeidet som blir gjort i FN generelt og i FNs traktatorgan.

Om anbefaling om vurdering av kanalval for betre forståing og utnytting av komparative fortrinn og måloppnåing på feltet: Den multilaterale bistanden er gjenstand for kontinuerleg vurdering. Regionalavdelinga følgjer [spørsmålet](#) opp i saman med ambassadane.

Om anbefaling om å vidareutvikla dialogen med organisasjonane og NORAD for å fremja borns rettar generelt, og meir spesifikt finna fram til eigna mekanismar for borns deltaking: Departementet er i dialog med organisasjonane om dette, gir økonomisk støtte til denne typen arbeid, og vurderer i saman med NORAD eigna måtar å følgja opp borns (og andre) rettar på landnivå, m.a. ved bruk av landgjennomgangar og ved samarbeid med organisasjonane.

Om å vidareutvikla prosjekt- og statistikksystemet i samarbeid med NORAD slik at det gir betre koplingar og enklare tilgang på opplysningar om bistandsinnsatsane: denne anbefalinga vart tilrådt ikkje følgt opp særskilt, då PTA inneheld ein markør for borns rettar og behovet vart sett som uklart.

Skrive av Bergljot Hovland
Klarert av Ingrid Mollestad